

Sytten snart atten av Andrea Rudland Haave

Eit undervisningsopplegg laga av Nynorsksenteret

Til læraren

Korleis kan litteratur opne for refleksjonar om livsmeistring? Det er eit sentralt spørsmål i dette undervisningsopplegget, som tek utgangspunkt i eit tekstutdrag frå romanen *Sytten snart atten*. I utdraget kjem relasjonane mellom hovudpersonane gradvis til syne, og gjennom ei tekstnær lesing kan elevane undersøkje kva som kjenneteiknar desse relasjonane, og kva slags utfordringar som ligg i dei. La elevane bruke teksten som eit utgangspunkt for samtalar om forholdet mellom menneske, og legg opp til ein fellessamtale til slutt der de reflekterer over opne spørsmål knytte til relasjonar, makt og venskap.

Til slutt i undervisningsopplegget finn de forslag til nokre skriveoppgåver som kan brukast til å arbeide vidare med tematikken.

Til eleven

Før vi les

Sytten snart atten er tittelen på romanen. Set dykk saman i små grupper og samtal:

- a) Kva inneber alderen 18 år i det norske samfunnet?
- b) Kvifor trur du at det kan vere lett å leggje vekt på at ein snart er 18 år i møte med andre? Kva symboliserer alderen?
- c) I kva slags situasjonar kan det vere viktig å vere 18 år?
- d) Kva andre aldrar er juridisk viktige i Noreg?
- e) Kom med forslag til andre titlar med tal, som på same måte som *Sytten snart atten*, kan ha fleire tydingar.
- f) Studer bokframsida. Beskriv først kva du ser – deretter kva du trur det er meint å symbolisere.
- g) Korleis vil du karakterisere blikket til jenta som møter deg på bokframsida?
- h) Kva trur du romanen handlar om?

Medan me les

Vi les tekstutdraget høgt i klassa. Ha ein blyant tilgjengeleg.

Leseoppdrag: Legg merke til korleis vi gradvis får vite meir om forholdet mellom personane vi møter i teksten. Set eit kryss i margen når du les noko som du opplever seier noko viktig om relasjonane mellom personane.

Etter lesing

Vi snakkar om teksten

Målet med den komande samtalen er å uttrykkje eigne leseerfaringar og synspunkt, og diskutere korleis tematikken trer fram for deg som lesar. Hugs å grunngje alle synspunkta du kjem med.

Individuell førebuing til samtale:

Bruk ti minutt til å gå gjennom spørsmåla stille for deg sjølv. Skriv ned små stikkord undervegs – og førebu deg til samtalen som ventar.

Set dykk deretter saman i mindre grupper.

Leseopplevinga

- Korleis opplevde du å lese denne teksten?
- Var det nokon spesielle kjensler som dukka opp då du las tekstutdraget? Kva kan vere årsaka til at akkurat desse kjenslene dukka opp?
- Kva ved personane eller relasjonane mellom dei fekk du lyst til å vite meir om?

Å vere i teksten

- Ta fram tekstutdraget og stopp opp ved kryssa du har laga i margen. Kva får du vite om relasjonane mellom personane i teksten?
- Vel deg ut ein situasjon i tekstutdraget som du reagerte spesielt sterkt på. Kva er det ved denne situasjonen som gjer at du reagerer?

Kjærasten

- Korleis vil du beskrive kjærasten til Mia ut frå det du har lese? Kva i teksten gir deg dette inntrykket av han?
- Side 77 har berre tjue setningar. Likevel får vi allereie på denne fyrste sida eit visst inntrykk av forholdet mellom Mia og kjærasten hennar. Kva kan vi lese ut av desse setningane som fortel oss noko om forholdet deira?
- Korleis opplever du at hovudpersonen Mia har det i relasjonen til kjærasten sin – og korleis kjem det konkret til uttrykk i teksten?
- Kvar i tekstutdraget opplevde du eit vendepunkt i forståinga di av forholdet mellom Mia og kjærasten hennar? Grunnge svaret ditt med utgangspunkt i teksten.

Venen

- Kva får du vite om relasjonen mellom Karla og Mia?
- Korleis opplever du Karla? Peik på konkrete situasjonar eller samtalar i teksten.
- Kva inntrykk får du av korleis Karla ser på kjærasten til Mia? Grunnge svaret med utgangspunkt i teksten.
- Korleis trur du Mia har vore som veninne til Karla? Kva i teksten gir deg dette inntrykket?

Mia

- Kva slags inntrykk får du av Mia ut frå det du har lese?
- Gjennom teksten er det Mia som fortel, og vi får tilgang til tankane og kjenslene hennar. Korleis tenkjer Mia om kjærasten sin? Korleis tenkjer ho om og forklarar handlingane hans? Kva i teksten viser dette?
- Korleis vil du karakterisere Mia som kjæraast?
- Korleis vil du karakterisere Mia som ven?
- Oppfører Mia seg annleis saman med kjærasten sin enn når ho er saman med Karla, trur du? Kva er det som gjer at du har denne oppfatninga?

- Kven opplever du kjenner Mia best, kjærasten hennar eller venen Karla? Kva i teksten gir deg dette inntrykket?

Den vidare handlinga

Les høgt det siste avsnittet i tekstutdraget på gruppa. Korleis opplever de det som skjer? Samtal om korleis de trur historia utviklar seg vidare, og grunnngje tankane dykkar.

Grøne og raude flagg

I ungdomskulturen vert det ofte snakka om raude og grønne flagg i eit forhold eller i ein relasjon. Dei grønne flagga viser til teikn på ein trygg og god relasjon, og dei raude flagga viser til faresignal som ein bør ta på alvor.

- Kva slags raude flagg ser du i relasjonen mellom Mia og kjærasten? Kvar i teksten opplevde du det første raude flagget i relasjonen deira?
- Reflekter over om det kan vere lettare å sjå faresignal i eit forhold når ein står utanfor det. Kvifor kan det vere vanskelegare å oppdage eller ta slike signal på alvor når ein sjølv står midt i det?
- Lag ei felles liste over typiske raude flagg i eit forhold.
- Kva slags raude flagg finst i venerelasjonar, meiner du?
- Kva slags grønne flagg ser du i Karla som veninne?
- Lag ei felles liste over typiske grønne flagg i ein venerelasjon.

Fellessamtale - refleksjonsspørsmål

Før den felles samtalen, er det fint om de les gjennom spørsmåla og førebur dykk på å samtale om temaet. I samtalen kan de byggje vidare på kvarandre sine utsegner og reflektere fritt kring temaet.

1. Alder blir ofte likestilt med modning, men det går an å vere i dårlege relasjonar som vaksen også. Kvifor kan det vere vanskeleg for oss å bryte ut av romantiske forhold og venskapsforhold som openbert ikkje er gode for oss?
2. Gode vener kan gjere oss betre rusta til møte vanskelege situasjonar i livet. På den måten kan venskap vere ei form for livsberedskap. Kva trur du er meint med det – og korleis kan vi knyte det til tekstutdraget vi har lese?
3. Asymmetri i maktrelasjonar treng ikkje berre å handle om at den eine i forholdet er eldre enn den andre. Kva slags andre moment kan gjere at det er skeivt fordelt i kven som har «makta» i eit kjærasteforhold eller i eit venskapsforhold?
4. Kan vi lære noko om det å vere menneske ved å lese skjønnlitteratur? Kan dette bokutdraget tilføre noko til oss som gjer at vi kan bli merksame på, lese og tolke relasjonar betre?

Skriveoppgåver

- a. Å vere forelska kan gjere at ein strekkjer seg langt for å bli sett eller for å få forholdet til å vare. Det same kan gjelde i eit venskap. Skriv ein tekst der du reflekter over kor viktig det er så setje grenser for seg sjølv i møte med andre. Kva

kan skje når vi strekkjer oss for langt for å bli likte eller halde på ein annan person?

- b. Kven vi er i møte med andre har ikkje alltid eit endeleg svar. Vi endrar oss og tilpassar oss ofte etter kven vi er saman med. Skriv ei novelle der hovudpersonen opplever eit møte med ein annan person som gir han ei ny forståing av kven han ønskjer å vere.
- c. Les artikkelen om psykisk vald frå UiT Norges arktiske universitet:
https://uit.no/nyheter/artikkel?p_document_id=875521
Skriv eit essay der du reflekterer over kvifor psykisk vald i nære relasjonar kan vere vanskeleg å oppdage og snakke om. Kva kan det bety å setje søkelyset på denne forma for vald også blant ungdom? Bruk gjerne situasjonar og døme henta frå tekstutdraget vi har lese, som utgangspunkt for refleksjonane dine.